



Anne Lise Næs er leiar for planarbeidet på Børnes.

Om lag 50 menneske møtte fram til ope møte om detaljregulering for Børnes Næringsområde. Kvinnherad kommune var sterkt representert med verksemdleiar, planleggjar, prosjektleiar, eigedomsanvarleg og andre tilsette frå område samfunnsutvikling. Anne Lise Næs leia møte på ein trygg og tillitsfull måte. Turid Verdal og Terje Vikestrand frå konsulentfirma ABO hadde innleiing og svara på spørsmål. Alle skal høyrast med innspel og merknader.



Arealet i dag med tildelte tomter.

Uskedalen.no har før skrive om planprosessen. Fase 1 er oppstart, varsling og invitasjon til å koma med innspel før sjølve planarbeidet tek til. Eksisterande tomteeigarar, naboar, alle med naust og fritidseigedomar og eigarane

av to bustadhus i område vert oppmoda om å senda merknader innan fristen 30. september. Seinare vert det høve til koma med fråsegner til planen. Uskedal utvikling var medarrangør og er med i referansegruppa.



Konsulentfirma ABO med tilsette på Stord og på Os har fått oppdraget med å utforma planen, i tett samarbeid med prosjektgruppa og alle involverte partar. F.v: Turid Verdal og Terje Vikestrand.

Frå drøftinga i kveld tek vi med nokre merkander:

- Ragnvald Vaage frå Skogeigarlaget bad om at ein i planarbeidet måtte ta med areal for utviding av tømmerkaiaen. Kvinnherad har mykje skog som skal til sag eller ut av landet.
- Frå grunneigar Ofelia Stensletten vart det spurt om ei evt. busslomme på hennar eigedom der det i dag er avtale om lagringsplass for stillas. Dersom busslomma kjem, er det snakk om innløyising med økonomisk vederlag.
- Liv Astrid Myhre hadde ordet som nabo til næringsområde,- om støy og støv frå knuseverket ved planering. Ho og fleire snakka varmt for å ta vare på og gjenskapa Klubben og leggja til rette for tilkomst med stiar og turvegar.



Roar Musland, Tore Musland og Svein Arne Eidsvik frå nokre av dei 13 tomteeigarane på Børnes i dag.

- Marit Hjørnevåg driv næring på Børnes. Ho bad om at det vert teke omsyn til at det lenge har vore fiskematproduksjon på Børnes. Hjørnevåg bed om at gang og sykkelvegen til Steinsletto vert prioritert.
- Roar og Tore Musland frå Musland Maskin driv næring på Børnes. Dei ynskjer å få tilgang til meir areal. Roar Musland spurde korleis det kunne ha seg at det no etter at tomtene er kjøpte, vert stillt krav til og lagt føringar for bruken.
- Ove Myhre synta til Mørkevågen med 12 bruksnummer. Berre ein av nausteigarane har eigen parkeringsplass. Det er med andre ord trong for parkeringsareal og framføring av vatn og straum til alle med naust eller nausttomter i Mørkevågen.
- Bjørn Inge Gjerde ynskjer ikkje innløyising av det huset han nyleg har kjøpt i område. Litt støy og evt. støv er ikkje noko problem for han.

- Svein Arne Eidsvik frå Eidsvik Eigedom representerte alle tomteeigarane på Børnes i dag. Tomteeigarane ville ha eige møte med kommunen. Han informerte om at Eidsvik Eigedom vil planera sitt areal på to ulike koter, 2,5 til 3 meter og 8 til 9 meter. Dessutan skal deira areal ryddast og forskjønnast.
- Svanhill Haugland ynskjer parkering og betre tilgang til deira hus i svingen. Dessutan har dei nausttomt i Mørkevågen.
- Geir Inge Myklebust er nabo og ynskjer plankrav til dette med støy på natta.
- Kristian Helgesen, folkehelsekoordinator og idrettskonsulent, ville vita meir om friluftinteressene i område. Han bad om innspel til dette med Klubben.
- Frank Søllesvik eig tre tomter oppe ved fylkesvegen. Tomtene er byggemeldt og bruken er ikkje til sjenanse for nokon.



Naboane til Børnes var godt representert og var aktive i drøftingane. F.v: Wenche Stensletten Nummedal, Knut Stensletten, Inger Anne Leite, Liv Astrid Myhre og Ove Magne Myhre.

Alle synspunkta vart loggført og teke med i referatet frå møte. Detaljreguleringsplanen er venta å vera ferdig og vedteken våren 2020.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det var stor interesse og godt frammøte til det åpne møte i går kveld i Helgheim.